# Kyrkjetonar




Kyrkjeblad for kyrkja i Tysvær og Bokn

Nr. 1/2013 - 55. årgang

# På heimebane i kyrkja

redaktørens hjørne

**Då dei kom inn i grava, såg dei ein ung mann som sat på høgre sida, kledd i ein lang, kvit kjortel. Dei vart gripne av otte og undring, men han sa til dei: «Ver ikkje redde! De leitar etter Jesus frå Nasaret, den krossfeste. Han er stått opp, han er ikkje her.**

*Markus 16, 5 - 6*

**Framsidebiletet:**
*Livet som spirer om våren minner oss om påskens bodskap:*
***Livet sigrar over døden.***
*foto: Ståle Hustoft*

På inspirasjonssamling i Nedstrand sokn i januar snakka Kristin Solli Schøien om "streken gjennom oss." Me kan kalla det kva me vil - men me kjenner oss nok igjen i at me dømmer dei rundt oss. På avstand tek me stilling til at nokon er kristne og nokon ikkje. Ofte er denne sorteringa basert på kva familie og bakgrunn ein har.

"Det er mykje skjult tru i bygda vår" fortalde presten etter fleire år med dåps-, vigsels- og sørgesamtalar. Kanskje naboen din trur på Jesus utan at han går jamnleg på gudsteneste eller møte? Kanskje pengar IKKJE er einaste grunnen til at konfirmanten vel kristen konfirmasjon? Kanskje foreldra døyper sine håpefulle av andre grunnar enn tradisjon? Me må prøva å møta nesten vår utan å sortera om han er på den eine eller andre sida av "kristendoms-streken."

Dei som berre besøkjer gudstenesta på julaftan eller når dei har ein god grunn til det, kjenner nok ofte at dei er på bortebane. Det er ukjend liturgi, ukjende salmar og av og til eit språk som me ikkje nyttar til dagleg. For den faste deltakar i gudstenesta er dette ei utfordring. Me må møta dei som er innom kyrkja som om dei er "ein av oss." Gudstenesta må vera enkel å kjenna seg heime i.

Når det er snakk om å vera ei inkluderande kyrkje tenkjer me fort at me må hoppa over dei kontroversielle sidene i Bibelen. Eg trur at ein kan vera radikal og samstundes inkluderande. Om me som kyrkje klarer å visa varme og omsorg for alle, uavhengig av kva side av "streken" me trur at dei er på, så kan fleire kjenna at Kyrkja kan vera heimebane for deira tru.

*Ståle Hustoft*

*Redaksjonen avslutta: 11. mars*


## Kyrkjetonar

**Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.**

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft, Espevik, 5560 Nedstrand. Mobiltelefon 900 26 142, e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Anne Tove Øvrebø, Ingrid Hustoft Landro, Edvin Gjerde, Inger Magrethe Pedersen-Espevold

Post til redaksjonen kan også sendast: Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon: 52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 3240.07.61212.
Frivillig kontigent: kr. 150,-
Kasserar: Børge Løype, 5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22

Grafisk utforming: Ståle Hustoft


**Kyrkja i Tysvær**

**Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn**

**Telefon*: 52 75 77 00**
**Internett: www.tysvaerkirken.no**
**E-post: kyrkja@tysver.kommune.no**

**Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn**
telefaks: 52 75 77 10
åpningstid: tirsdag, onsdag og torsdag kl. 10 - 13

**Kyrkjekontoret for Nedstrand sokn**
telefaks: 52 75 77 21
åpningstid: tirsdag - fredag kl. 9 - 12

**Sokneprest Arne Aurdal**
Tysvær og Bokn sokn, Aksdal Kyrkje
Mobiltelefon: 93 415 402

**Sokneprest Bård Egil Dyrhol**

**Sokneprest Dag Tormod Milje**
Mobiltelefon: 934 15 401

**Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre**
Tysvær soknehus, telefon: 52 77 11 88, mobiltelefon: 481 35 457

**Diakon Kjersti Hjelmervik Lofthus**
Aksdal Kyrkje, mobiltelefon: 48 891 427

**Trusopplæring/Kyrkjenær**
**Leiar Kyrkjenær:** Kristin Trageton Skofteland
**Medarbeidarar:**
Nedstrand: Ingrid Hustoft Landro
Tysvær: Marit Sofie Teistedal Vikre
Førresfjorden: Kari Undheim
Bokn, Førresfjorden og Nedstrand: Greta Skorpe Elverhaug
Telefon: 52 75 77 00*

**Organistar**
**Kari Undheim**, telefon 928 08 103
**Stein Johannes Kolnes**, mob. 909 18 088
**Gunn Bergvold Larsen**,
Bokn sokn tel.: 52 83 20 04

**Kyrkjeverje**
**Tysvær kommune: Terje Fjeldheim**
Mobiltelefon: 934 15 404
**Bokn kommune: Svanhild Alvestad**
Mobiltelefon: 934 15 440

**Kyrkjetenarar**
**Tysvær sokn: Ingebrigt Lundervold**
Mobiltelefon: 404 11 889
**Førresfjorden sokn: Målfrid Høie**
Telefon: 52 77 36 88
**Bokn sokn: Odd Grønnestad**
Telefon 52 74 84 03
**Nedstrand sokn: Steinar Nordeide**
Mobiltelefon: 934 15 403
**Skjoldastraumen: Barbara Stølvik**
Telefon 52 77 92 78





# Konfirmantgruppe i garasjen

*av Edvin Gjerde*

Det er sein vinterkveld og svinkaldt ute. Isete og glatte vegar. Men i gamle fjosen hos Steinar Høyvik er det varmt og godt. 6 konfirmantar er i full sving då eg åpnar døra og går inn. To bilar av eldre årgang er gjenstand for full overhaling. Her vert det gått grundig til verks. 5 gutar og ei jente har valt ei konfirmantgruppe litt utanom det vanlege.

Det er Steinar og Elise K. Høyvik som har stilt verkstaden sin til rådvelde for konfirmantar som får halde på med eigne interesser og konfirmant-undervisning på ein gong. 4 kveldar får dei her denne hausten. Økta i verkstaden byrjar med samlingsstund og samtale. Til det har dei sofagruppe i eit hjørne, der dei slår seg ned når leiaren vil.

På den eine bilen strevar dei med å få ut ein aksling. På ein annan skal panseret rettast opp og dekselet over motoren bak festast. Konfirmantane har skrive under på HMS kontrakt. For her må verneutstyr brukast når ikkje heilt ufarlege jobbar skal gjerast.

Kva synest så konfirmantane sjølve om å få drive på med dette? Det er ingen tvil om at det er motiverande for dei. Og det vert lettare å vera med på teori-undervisninga, trusopplæringa, når ein kan få noko verktøy i hendene. Og når ein skruar kan samtalen gå om mangt som unge menneske er opptekne av.

Om dei vil bli bilmekanikarar ein dag? Dei dreg litt på det. Kven veit?





*Deltakarar: Jon Kristian Heskja, Thomas Surnevik, Benedikte Flengstad, Karl Erik Kristiansen, Eivind Ørke, Bård Helge Rossebø*

# Ein kjærleik så stor at ikkje ord kan romma han

av Ingrid Hustoft Landro

***Men Gud viser sin kjærleik til oss ved at Kristus døydde for oss medan vi endå var syndarar.***

*Rom. 5,8*

Kjærleik må vise i handling. Altfor mange sterke ord er sagt i begeistra øyeblikk, men orda viste seg å vere tomme når dei vart sett på prøve. Altfor mange har vorte skuffa av at dei store orda viste seg å vere retta mot ein ønskevariant, ikkje den ekte. Mange tårer har runne frå auge som såg kjærleiken smuldre bort. Mange hjarte er knust av sorg over kjærleik som ikkje makta varme det lengre. Skuldre er tunge og blikk senka. Kjærleiken slokna.

Jesus elskar på tross av. Medan me endå var syndarar, og med klar visse om at me aldri kunne bli anleis, døydde Han for oss. Ingenting kan måle seg mot dette. Ingen andre kan elske så høgt og så fullkomme. Det var våre synder Jesus døydde for. Om me gjer vårt aller beste er me aldri fullkomne. Likevel elskar han oss. Til døden. For ei kjærleikserklæring!

Om me ser rundt oss på frukta av det me har sagt og gjort, vil me nok ha stor grunn til å raudne og slå blikket skamfullt ned. Men om me ser rundt oss på det Han har gjort, på alt Han har skapt og gitt oss, kan vi ikkje anna enn å glede oss. No sprett våren. Sola varmer. Naturen vaknar til nytt liv. Snart hoppar små lam rundt på beitet. Roser på barnekinn. Glede! Konkrete, nydelege kjærleiksgåver, gitt til sine høgt elska menneskebarn kvar einaste vår, kvar dag. Alt dette for oss! Og så den største kjærleikserklæringa av dei alle: Han døydde for oss for at me skulle få Det evige livet i gåve.

Det er lett å tenke seg at me vil raudne av skam om me ser opp på Jesus for å takke for gåvene. Men om du gjer det, og møter blikket Hans, vil du finne ein kjærleik så stor og overveldande at du aldri meir treng vere skamfull. For i blikket Hans er alt du treng: Frelse. Tilgjeving. Visdom. Kraft. Han er din trufaste venn; som elskar deg, leier deg og aldri sviktar deg. Ein kjærleik så stor at ord ikkje kan romme han. Erklært i handling.

***Vend blikket mot han og strål av glede, så skal de aldri raudna av skam!***

*Salme 34,6*


Korleis har du det...

EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
SOS-Chat: www.soschat.no

Kirkens SOS

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST


## Livet i Bafoulabé går som normalt trass den spente situasjonen i nord-Mali.

**Livet har endra seg lite sjølv om det er krigsliknande tilstandar i Nord-Mali. Folk går til arbeidet sitt som vanleg, borna går på skulen og lite gjev inntrykk av å vere eit land i krig. Bibelskulen går også som normalt.**

Jong Nowa og familien flytta frå Oussoubidiania. Han er ein dyktig kamerunesisk pastor og har jobba saman med kyrkja og våre misjonærar i Oussoubidiania i nokre år. No styrer han bibelskulen saman med Karim Fofana og familien. Karim er vaktmeister og saman med kona og vesle jenta er dei vertsfamilie. I tillegg har desse to leiarane gode medspelarar i bibelskulekomiteen.

Dette året er det 10 elevar som fylgjer den vanlege bibelskule undervisninga. Av dei er det 3 kvinner. Det er ei stund sidan det har vore kvinner i elevflokken. Desse tre vil gje meir styrke til kyrkja og ikkje minst til kvinne-arbeidet i kyrkja.

4 kvinner får lese og skriveopplæring og noko bibelundervisning.

No har elektrikaren frå Bamako sluttført arbeidet med å montere lys og vifter i klasseromma og lampar til å lyse opp ute på gardsplassen. Eit kontor og eit radio-studio får aircondition for å lette arbeidssituasjon i varmetida.

Fredag, 1. februar, reiste Karim Fofana og Jong Nowa til nokre landsbyar nord for Tintilla for å oppmuntre dei kristne og for å sjå om dei skal vise Jesus filmen der litt seinare. Dette er landsbyar der vi på bibel-skulen har vore på besøk dei siste åra. Det som gjer at fleire no er interesserte er mellom anna at mange høyrer på det nye testamentet på sitt eige språk, khassonke , via den lokale radioen.

*av Gjermund Johannes Lygre*



# Givertjenesten - vil DU være med på laget

*av Førresfjorden sokneråd v/ soknerådsmedlem Gudveig Mæland*

I Førresfjorden menighet er vi så heldige at vi har diakon, barne- og familiearbeider og ungdomsarbeider (barne/ungdomsarbeider.) Utgiftene til dette dekkes delvis av midler som samles inn via menighetens givertjeneste. Gjennom flere år har folk gitt sine bidrag ved faste månedlige beløp og/eller ved engangsbeløp. Soknerådet er svært takknemlige for alle bidrag og vil rette en varm takk til hver enkelt giver.

For å opprettholde dagens tilbud innen diakoni og barne/familie/ungdomsarbeid må det samles inn kr 400.000,- årlig. I 2012 mottok givertjenesten kr 200.700,-. Tidligere år har også vist «underskudd». Det betyr at vi må få flere givere på banen. Her vil vi utfordre akkurat deg!

Da jeg var barn på 50-tallet, hadde jeg en flott sparebøsse formet som en bok med påskriften «Mange bekker små gjør en stor å». Ordtaket er like aktuelt i dag. Hvis f.eks 100 personer vil gi kr 100,- pr. måned, blir summen kr 120.000,- pr. år. Bekkene er da blitt til en å! Men husk: ethvert bidrag mottas med takk. I 2. Kor. 9.7 leser vi: «Enhver må gi slik som han setter seg fore i sitt hjerte, ikke med ulyst eller av tvang. For Gud elsker en glad giver.» Vi kan også minnes Jesu ord (Apostlenes gjerninger 20.35) om at det er saligere å gi enn å ta i mot.

Samtidig som Kyrkjetonar ligger i postkassen denne gang, finner du også en ny og oppdatert brosjyre om givertjenesten som gir mer info og bl.a. forteller hvordan bli giver. Brosjyren vil også bli lagt ut i Førre kirke og Aksdal kyrkje.

Soknerådet håper mange vil ta del i givertjenesten og imøteser med glede nye bidragsytere.

# Konsert med Kjell Inge Torgersen

***av Bjørg Rørtveit***



*foto: Dag Knudsen*

**Nedstrand kykje 1. pinsedag 19.mai kl. 18.00**

**Ta turen til Nedstrand kyrkje 1. pinsedag,- finn tilbake til kvilepulsen og gir ned med ei vakker konsertoppleving.**

Kjell Inge Torgersen er ei rogalandsstemme som vart kjend i heile landet etter albumet “Aks av gull” der han tolka Sting på nynorsk. Han har sidan gitt ut fleire album, og har også produsert forestillinga “Julelegender”, -alt saman til strålande kritikkar.

Alt han gjer har nerve og nærleik, og han er ein stor formidlar både musikalsk og verbalt. Han har tildlegare også samarbeida med artistar som m.a. Ole Paus og Jan Ingvar Toft. På denne konserten stiller han saman med trio. Gå ikkje glipp av dette høvet til å oppleve ein konsertkveld med kvalitet og atmosfære.

**Meir info kjem på www.nedstrand.info og plakatar.**

*Arrangør er ressursgruppa i Nedstrand sokn / soknerådet.*





# Kyrkja vår

**Inspirasjonssamling i Nedstrand sokn**

*tekst: Ståle Hustoft, foto: Janne Eide*

**Kven er me, kva særmerke har bygdene våre, og korleis skal dette prega arbeidet i kyrkja vår?**

**Om lag 35 deltakarar var med for å leita etter svara på desse spørsmåla når Nedstrand sokneråd inviterte til inspirasjonssamling lørdag 26. januar.**

Nedstrand sokn har bede ei ressursgruppe om å sjå med nye auge på det kulturelle og kyrkjelege arbeidet som skjer i Nedstrand kyrkje. Eit godt utgangspunkt for eit slikt arbeid, er å sjå på kven me er og kva ressurser me har. Kristin Solli Schøien var med for å setja oss i gang med arbeidet og peika på korleis historie, natur, arbeidsliv og menneske pregar kyrkja.

Kristin Solli Schøien er kjend for mange som artist og forfattar av fleire "viser" i Salmer 97. Ho har reist rundt til kyrkjer i heile Norge og inspirert til opne kyrkjer, opne sinn og lokal tilpassning av kyrkjelydsarbeidet. Med denne bakgrunnen kunne Kristin inspirera oss til å bygga ned skiljet mellom dei faste deltakarane i gudstenestene og "gjestene" som "berre går i kyrkja ved dåp og på julaftan."

Schøien utfordra oss til å ta vekk "streken" i hovudet vårt. Særleg i bygder som våre er det nokre slekter som er "innanfor kyrkjedøra" og nokre som er utanfor. Dette er forventningar som me gir kvarandre, som



gjer det vanskelegare å kryssa "streken" og byrja å gå i kyrkja. Kristin Solli Schøien utfordra oss til å inkludera alle som kjem til gudsteneste. Me må passa oss for å framandgjera dei som ikkje er faste gudstenestedeltakarar med ukjende salmer og framand liturgi.
"Gi dåpsfylgjet ein CD med salmene som skal nyttast i gudstenesta, og del ut liturgien på ark slik at alle kan fylgja med" - utfordra Schøien oss.

Nedstrand sokn femner om to kyrkjer, to kyrkjelydar og to bygder. Ein del av samlinga var gruppearbeid. Då vart me delt med ei eiga gruppe som jobba særskild med Skjoldastraumen og andre grupper som jobba med Nedstrand. Nokre av forskjellane mellom Nedstrand og Skjordastraumen vart sett på papiret, og me vart meir bevisste på "kven me er."

Tida går fort når ein jobbar med viktig arbeid, med ein dyktig "arbeidsleiar" i Kristin Solli Schøien. Etter 3,5 time i Nedstrand kykje, var det på tide med mat og avslutning, sjølv om me ikkje var komne heilt i mål. Ressursgruppa er allereie i gang med planlegginga av ei ny samling der ein kan "ta opp tråden" og gå meir konkret inn i fornying og planlegging av arbeidet i kyrkjelydane.

Inspirasjonssamlinga vart avslutta med middag og kaker på Soknatun. Sigmar Myhre fortalde historier frå kyrkjehistoria og Kristin Solli Schøien presenterte bøker og songar.

Med på samlinga denne lørdagsettermiddagen var Ragnhild Halle, Kulturrådgjevar i Stavanger Bispedømme. Ho avslutta samlinga med nokre tankar om korleis kulturarrangement kan verta ein naturleg del av arbeidet i kyrkjeelydane.






# Exit Betlehem

***Inntrykk frå reise til Israel og Palestina***

*av Dag Tormod Milje*

**En turist sitt først møte med et land og folk kan lett bli gjennom taxisjåføren. Nå ble det ikke helt slik for meg. Vi hadde hatt en spennende og utfordrende dag i Jerusalem der vi møtte kristne, muslimske og jødiske ledere som deltar i dialogarbeid ledet av Trond Bakkevig og støttet av den Norske Kirke og Utenriksdepartementet. Men den første personen jeg traff som var i normalt arbeid, og som sannsynligvis er representativ for en stor gruppe mennesker, var den palestinske taxisjåføren som kjørte oss fra Jaffaporten i Jerusalem til Betlehem. Det vil si han kjørte oss til muren som skiller Jerusalem og Betlehem, til porten med strengt Israelsk kontrollpunkt, med piggtråd og skuddsikkert glass.**

Vi hadde hele ettermiddagen hørt om dialogarbeid, om utfordringer som palestinere og israeler; muslimer, kristne og jøder sliter med i det Hellige land. Vi hadde hørt om hvor vanskelig det var å få politisk effekt av samtalene de hadde. Om hvor vanskelig det var å bevege den dypt fundamenterte mistro som eksisterer. Men vi hadde også blitt tatt med inn i noen lyspunkt, hvor de religiøse lederne kunne fortelle at de gjennom dialogarbeidet faktisk hadde oppnådd noe.
Kunne vi ane lyspunkt i forholdet mellom palestinere og israelere?

Vi spurte taxisjåføren hva tanker han hadde og hva han tenkte om framtida som palestiner i det Hellige land. Hans svar var slående og smertefullt å høre: "The future is dark! There is no hope for me in Jerusalem."



Møte med Jerusalem var sterkt og intenst. Det var spesielt å komme til byen som står så sentralt i troshistorien vår. Til byen hvor vår Frelser vandret og utrettet så mye. Mye har skjedd siden da. Byen har blitt jevnet med jorden og bygget opp igjen. Det har vært kriger og konflikter. Både islamske og kristne krigsherrer har dominert byen og satt sitt preg på den.

For meg som kristen stod jo de «kristne» stedene sentralt. Men på grunn av alt det som byen har gjennomgått av omveltninger opp gjennom årene så er det mye vi ikke vet sikkert. Og historisiteten til de «kristne» stedene var til tider svak. Men vi besøkte bl.a. gravkirken som er bygget på stedet der en tror Golgata og graven var. Vi så det som en tror var restene etter Siloadammen. Vi var i et rom som kan ligne på rommet hvor Jesus samlet disiplene og innstiftet nattverden. Og jeg fikk ta på stener i Tempelmuren som sannsynligvis også lå der når Jesus vandret i byen.

Men det som gjorde sterkest inntrykk var å høre hvor vanskelig det er å leve med fred i Det Hellige land. For så vidt er ikke dette noe nytt. Til tross for sin beskjedne plassering, på en høyde midt i innlandet har enhver hersker i området opp gjennom historien fra Davids tid villet innta og herske over Jerusalem. Og det er jo tankevekkende at en så liten by og et så lite landområde tildrar seg så stor internasjonal oppmerksomhet. Men slik er det.

Og midt i storpolitikken så handler det om enkelt-mennesker. Det handler om jøder som har med seg sin nære holocausthistorie, hvor de som folk opplevde at de skulle bli utslettet. Som gjør at de for enhver pris ikke slipper det de har fått. Det handler også om palestinere som levde i det Hellige land da jødene kom etter vedtaket i FN i 1948. Og deres historie forteller bl.a. at de har blitt drevet bort og er fratatt tilhørighet og livsgrunnlag.

Vår jødiske guide fortalte at Israel bruker 25% av nasjonalbudsjettet på militære og sikkerhetstiltak. Det koster å være jøde i det hellige land. Samtidig tror jeg at den enkelte jøde har det rimelig trygt økonomisk og sosialt.

Mitt inntrykk er at slik er det ikke for palestinere. De er jevnt over fattige, har dårlige tilgang på skole, og har vanskelig for å finne arbeid. Noe av grunnen til det er de sterke sikkerhetstiltakene som Israel gjennomfører.

En messiansk jøde vi traff uttrykte det omtrent slik: «Murene som nå er bygget for å skille jødiske og palestinske områder har før til at vi kan føle oss noen lunde trygge for at det ikke eksploderer bilbomber i våre byer. Men det tragiske er at muren også har ødelagt muligheten for den gode kontakt vi hadde med palestinske kristne trossøsken. Og det vil jo aldri bli fred om vi ikke kan ha kontakt med hverandre.»



Vi bodde i Betlehem som ligger en drøy mil fra Jerusalem. Jesu fødselsby er i dag palestinsk område, inngjerdet av 6 meter høye israelske betongmurer. Vi besøkte selvfølgelig Fødsels-kirken, som sannsynligvis ligger over stedet der Jesus ble født. Utenfor kirken er det mange håndverkere som lager julekrybber og annen religiøs kunst. Jeg kom i prat med en mann i 30 åra som ble veldig interessert da han hørte jeg var fra Norge. Han ville emigrere til Norge.

Han var en hardtarbeidende mann som hadde atelieet fylt opp av julekrybber og annen trekunst. Men salget var elendig. Det var så vidt han tjente til livets opphold. Han så mørkt på framtiden i Betlehem. Hans bror som driver pizzakiosk på Vestlandet mente han og hans unge familie ville få et mye bedre liv i Norge.






Mens vi pratet merket jeg at det stod en eldre kvinne å lyttet og som fikk er sørgelig drag over ansiktet. Etter hvert forsto jeg det var moren. Hun tok etter hvert del i samtalen og ville gjerne at jeg skulle fortelle at alt ikke var fryd og gammen i Norge, for å dempe sønnens utferdstrang. Hun hadde klart å kjøpe seg en liten jordlapp der hun hadde reist et hus som hun håpet sønnen og familien kunne flytte inn i. Hun visste smertelig godt at livet ikke var enkelt i Betlehem, men det var her de hørte hjemme. Det var her de hadde tilhørighet. Sønnen avfeide henne. Han ville vekk fra dette livet.

Litt lengre ned i gata ligger en kirke til minne om at Maria og Josef måtte flykte med Jesus fra Betlehem. De ble drevet bort av en hersker som fryktet barnet. Jeg kan forstå at mange palestinere i dag opplever at de blir hersket over på en slik måte at Exit Betlehem er det som gir mest håp. Men det er dypt tragisk. For de enkelte som ikke ser håp i å leve der en har tilhørighet. Og for håpet om fred i Det Hellige land.





# KyrkjeNÆR

*tekst og foto: prosjektgruppa i Kyrkjenær*

## Diakonidag i Nedstrand sokn, 21. januar

**”HAN som elsker alle folk vil at vi skal vite; Kjærlighet kan spire gjennom stort og lite”.**

Gjennom drama, planting, baking av potetkaker, kreativt arbeid , lunsjbesøk på Nedstrandstunet, herlege måltid, film og leik i gymsal og basseng, fekk nitten tredjeklassingar frå Nedstrand og Skjoldastraumen nytte fridagen godt i slutten av januar - saman med ni vaksenleiarar! Vi lærte om diakoni ; kristen nestekjærleik ; det å vere til for andre.

På Nedstrandstunet tok dei unge med potetkaker, blomar og bilete til gåve og møtte rundt tjue eldre der. Det var eit flott treff, der drama om den barmhjertige samaritanen i tradisjonell og moderne versjon og song blei framført.

Takk til Nedstrandstunet, alle hjelparane og positive foreldre og born som gjer dette til ein flott dag!







## Diakononidag i Førresfjorden Sokn










## SLUSH-kurs

**på Soknatun, Nedstrand**

**7.-8. juni**
**Lederkurs for 10-14 åringer.**

Vidare info kjem!
*For spørsmål, ta kontakt med Janne Eide , Kyrkjenær, Tlf. 47 23 03 58*

## SLUSH

**SLUSH står for SPRELL LEVENDE Unge Søndagsskole-Hjelpere.**

**SLUSH er for alle interesserte gutter og jenter i alderen 10-14 år – enten de har gått på søndagsskole eller ikke.**

Med SLUSH ønsker vi å bevare 10-14-åringene i menigheten og søndagsskolearbeidet gjennom en positiv opplevelse med glede, spenning, læring og mestring

- hjelpe 10-14-åringene å se at de har noe unikt å bidra med i kraft av den de er (individuelt og som gruppe)
- skape engasjement og nysgjerrighet for barnearbeid
- gi grunnleggende Bibelkunnskap
- gi kompetanse som hjelpeledere
- gi kunnskap om SPRELL LEVENDE
- øke selvforståelse og gi bevissthet om egne gaver og intelligenser







## Undretur for 4-åringane i Aksdal Kyrkje

*foto: Kaja Marie Leversund*





## "Venner for livet" 5.kl.leir - februar

**Første helga i februar møttest 11-åringar frå kyrkjelydane i Nedstrand , Skjoldastraumen, Skjold, Vats og Vikebygd til leir på flotte Brandøy leirstad på Bjoa.**



Leiren med temaet "Venner for livet" vert arrangert i samarbeid med Det Norske Misjonsselskap.

For mange blei dette eit fyrste møte med leirlivet. Eit mangfoldig program, og ein positiv gjeng gjorde at helga blei kjempekjekk for alle.

Spesielt populært var Misjons-tivoliet , som var nytt av året - og som var organisert slik at ein kjøpte "Brandøydalar" av kroner og brukte desse som billett på tivoliet, der ein kunne gjere masse moro - alt frå spikerkonkurranse til tatovering (sjå foto av Jonas Helle). Dette blei ein kjekk måte å få inn penger til misjonsprosjekt.

Fotballkamp i kostymer – mot leiarane - var populært og skapte stort engasjement!

Leiren blei avslutta med flott gudsteneste med foreldre og sysken tilstades.







## Dåpsskule

**6. februar starta Dåpsskulen i Nedstrand.**

Alle fyrsteklassingar vert invitert til fem samlingar i kyrja for å læra meir om kven Jesus er og kva kyrkja står for; om dåp, bønn, nestekjærleik, venskap, skapinga, påske, nattverd, og kyrkjerommet.

På fyrste samlinga er foreldre invitert med – medan dei fire andre



samlingane er midt på dagen og ungane blir henta på skulen.

Vi har samling og formidling , måltid, skaper ting , les og leiker saman.

Dåpsskulen i Nedstrand vert avslutta ved familiegudstenesta sundag 17. Mars.

I Skjoldastraumen startar dåps-skulen onsdag 10.april og avsluttast sundag 19. mai (1.pinsedag)



kyrkje nær i TYSVÆR



# Er du klar og villig til å dø for Han som gikk i døden for deg?

*av Lisa Lilleskog*

**Jesus gikk frivillig i døden for oss, slik at vi kunne få tilbake Guds rette hensikt ved å skape jorden og oss, nemlig en personlig relasjon. Det var ingen lett oppgave for Jesus, men på grunn av gleden ved å adlyde sin far og resultatet som kom ut av det, gjordet han det i kjærlighet. Ingen drepte Jesus, han gav livet for deg og meg frivillig.**

Frelse er mye mer enn å bli tilgitt å komme til himmelen. Frelse er å få gudommelig liv og leve et liv på jorden slik at vi og andre kan oppleve himmel på jord.
Vi er Frelst av nåde, og du kommer til himmelen når du dør, men er du som meg vil du ha alt Gud har for deg også her.
Derfor mitt spørsmål. For det koster ingen ting å komme til Jesus, men han ber oss om å fornekte oss selv, dø fra våre egne drømmer, tanker, følelser og mer for å følge han. Markus 8,34-35: *"Den som vil komme etter Meg, må fornekte seg selv, ta sitt kors opp og følge meg. For den som vil berge sitt liv, skal miste det, men den som taper sitt liv for Min skyld og evangeliets skyld, skal berge det."*

Det er Han historien handler om, og hans historie vi skal skrive, ikke vår egen. Det å få være med på hans planer og gjøre Guds rike kjent på hans premisser er det beste vi kan gjøre noen gang. Han har bare freds-tanker for oss med håp og framtid, derfor kan det kanskje virke som en bakvendt tanke å måtte dø fra seg selv. Og det vil alltid koste å følge Guds vilje, det er ikke godt å dø fra egne tanker, følelser, drømmer.

Når en kommer til tro på Jesus og tar et valg om å følge han, får du en ny natur, du lever ikke lenger etter de "normale" spillereglene. Romerbrevet 8,13-14: *"For dersom dere lever etter syndenaturen, skal dere dø. Men hvis dere ved Ånden dreper kroppens gjerninger, skal dere leve. For så mange som blir ledet av Guds Ånd, de er Guds barn."*
Så for å gi seg totalt over til Gud og hans vilje og få alt han har for oss her, det som er det beste av alt vi kan tenke oss, er vi nødt til å dø fra vår menneskelige natur.

På grunn av det som Jesus gjorde på korset kan vi komme fram for pappa Gud med frimodighet og glede. Han som brakte Jesus tilbake til livet etter døden vil også gjøre det for oss. Romerbrevet 8,10: *"Men hvis Hans Ånd som oppreiste Kristus fra de døde, bor i dere, da skal Han som oppreiste Kristus fra de døde, også levendegjøre de dødelige kroppene deres ved sin Ånd som bor i dere."* Dette vil si at livet i Jesus gir deg liv i overflod, håp og fred for fortid, nåtid og framtiden.

Når du vet med deg selv at du for eksempel bør slutte i jobben din og starte i en annen, som ikke er så godt betalt eller ikke betalt i det hele tatt og det virker ulogisk ved dine menneskelige øyne, vil det koste å følge Den Hellige Ånds veileding. Kanskje vil du få rare/spydige kommentarer fra venner og kjente, men allikevel vet du at du må gjøre det. Dette er å dø, og det er mange ting vi blir bedt om å dø fra. Som stolthet, retten til å alltid si det en mener, retten til utdanning++

Det er noen ting som vi som mennesker må dø fra som helhet og andre ting han ber deg personlig å gi slipp på. Da er det viktig at vi adlyder Den Hellige Ånds røst, i store og små ting. Vi vil da bli velsignet utover hva vi kan forstå.



**Lisa Lilleskog**
er ifrå Skjoldastraumen og er tilknytta Ungdom i Oppdrag.

I Kyrkjetonar vil Lisa fortelja om kvardagen som medarbeidar i UIO, og motivasjonen for å tena Jesus på denne måten.

**Les meir om Ungdom i Oppdrag på:
www.ywam.no
www.uioskien.no**

Jeg vet at Gud som har oversikt og ser det store bildet, vet hva og hvorfor han ber deg om å skifte jobb eller gjøre/ikke gjøre andre ting.

Det er på grunn av Jesus vi lever og jeg ønsker å gjøre hans vilje i alle ting.

Som det står skrevet i Romerbrevet 8:36-37: *"for din skyld blir vi drept hele dagen lang. Vi blir regnet som slaktesauer. Men i alt dette skal vi mer enn seire ved Ham som elsket oss."* Dette er noe jeg står inne for, og lever etter, når jeg dør for han som døde for meg, gir han meg liv i overflod og kan og vil gjøre det samme for deg. Kan hende at jeg kommer til å leve med mye, lite penger, få mange venner en periode, for at Jesus har kalt meg inn i eller ut av noe som gjør at det blir slik. Og skulle dette bli tilfelle i mitt liv vet jeg at Han er alt jeg trenger.
Er du klar og villig til å dø for han som gikk i døden for deg?

# Konfirmasjon 2013

## Skjoldastraumen kyrkje

**Søndag 28. april kl. 11.00**

Tor Bernard Dueland
Olav Ferkingstad
Lars Kristian Flåtnes
Fredrik Storstein Grønnestad
Aage Lindanger
Silje Skjold Lunde
Rebekka Skorpe
Eivind Skorpe
Morten Iversen Sørensen

**Søndag 28. april kl. 13.00**

Odd Magne Håheim
Gottfred Lindmann
Roy Inge Pedersen Odland
Ola Tønnes Straum
Christina Bådsvik Kampen
Maren Celine Lindanger
Elida Sponevik Soltvedt

## Nedstrand kyrkje

**Søndag 5. mai kl 11**

Lars Kåre Bakkevig
Jostein Jørgensen Baustad
Eskil Andre Eskeland
Lars Hagelberg
Johanna Eide Milje
Morten Mæland
Maryann Mæland
Gry Malin Prestegård
Elisabeth Runestad
Kristian Torsteinbø
Kamilla Vetrhus
Vegard Vårvik

## Tysvær Kyrkje

**Lørdag 4. mai kl. 12.00**

Sofie Sørhaug Eriksen
Julie Flakk
Marita Flakk
Marit Gjerde
Jon Kristian Heskja
Jannicke Kallekodt Hetland
Karoline Hettervik
Leif Ruben Kaltveit
Karl Erik Falkeid Kristiansen
Thomas Lønning
Oda Amdal Osvåg
Bård Helge Rossebø

**Søndag 5. mai kl. 10.00**

Stine Askeland
Olav Veim Eikje
Benedicte Fjellet
Tollak Emil Grinde Gismarvik
Helene Søvik Halleland
Anne Margrethe Storhaug Hettervik
Lene Eide Høyvik
Matilde Sørensen
Susanne Vesterøy
Eivind Ørke

**Søndag 5. mai kl. 12.00**

Sjur Tore Bjelland
Benedicte Iselin Hervik Flengstad
Tore Holger Førland
Henriette Ingersdotter Grottvik
Vilde Håland
Marita Lindanger
Susanne Riise
Martin Sandvik
Olga Amalie Sharp
Thomas Kismul Surnevik
Fredrik Svendsen
Mathilde Sørenes
Sarah Sørhaug
Lars Johan Ytreland

## Bokn kyrkje

**Søndag 28. april kl.11.00**

Bjørn Ove Dagsland Jøsang
Fredrik S. Olaussen
Anja Aksdal Knutsen
Robin Riber
Jone Våga
Sander Jøsang
Marita Lie Alvestad
Erik Nilssen
Annelin Eide
Tobias Ytreland Øvrebø
Amalie Nilsen
Mari Bokneberg
Sylvia Marlene Vatnaland

## Aksdal Kyrkje

**Lørdag 4. mai, kl. 10:30**

Espen Stangeland Knutsen
Magnus Djuv Fløgstad
Isabell Hallquist
Olav Havn
Evelyn Hundsnes
Martin Jørgensen
Stine Kirketeig
Susann Førre Knutsen
Frida Eiken Kyte
Thea Kristin Lervik
Sindre Lønning
Jørgen Bolset Moen
Thea Nes
Markus Raaen
Bjørnar Espevoll Skjold
Sindre Stølen
Egil Krokedal Stølsvik
Tommy Tindeland
Cato Tindeland
Adrian Stokkenes Tjomsland
Kristoffer Vikse

**Lørdag 5 mai, kl. 12:15**

Heidi-Jeanett Fredriksen Fjellstad
Eivind Almli
Lisette Amago
Tirill Rasmussen Berntsen
Arne Elverhaug
Halvor Fjellet
Andreas Hellebekken Fludal
Jan Eirik Langåker
Kristina Leversund
Ørjan Lundal
Thomas Rovik
Ann Jeanette Rønnevik
Karoline Sørenes
Petter Haraldseid Søvik
Håkon Veivåg Tveit
Bjørnar Vaglid
Øystein Øvernes
Roy-Otto Thomassen Endressen
Helene Børgesen Førre
Miriam Haakull Hobbesland
Siri Lønning Krogstad
Svein Kristian Vierdal

**Søndag 5 mai, kl. 10:30**

Sara Dahl
Erik Dybdahl
Jonas Kallevik Dybdal
Laurits Eikemo
Sindre Eritsland
Andreas Fresvik
Maia Farhat Førland
Alexander Skogland Gaard
Ingvild Gundersen
Kristoffer Ruud Hansen
Sollaug Storebø Hegerland
Even Hetland
Silje Jacobsen Holter
Trygve Fjeldheim Hovelsen
Silje Ingebrigtsen
Sanne Almås Jacobsen
Rune Ask Johannessen
Tanya Solland Johnsen
Andreas Kallevik
Karl Ove Fjellet Lundal

**Søndag 5. mai, kl. kl 12:15**

Roald Berge
Alfred Bringedal
Ingeborg Røgenes Ekrene
Tonje Halvorsen
Benjamin Holm
Anders Kaasamoen
Linnea Elise Marita Kallevik
Renate Davidsen Klungland
Ruben Larsen
Jan Helge Naley
Marina Nøss
Lars Morten Østebøvik Rossebø
Amalie Helleberg Rovik
Marcus Levang Solstrand
Margrethe Kvalvåg Stakkestad
Mark David Guasa Svee
Mats Søvik
Hilde Tveit
Martine Tysland
Linn Jaenette Høie Tønnesen
Alexander Kolstø Våge

## Borge Kirke

**Søndag 5. mai, kl. 11.00**

Astrid-Kristine Andersen
Geir-Helge Andersen










## Konfirmantleir på Brandøy

*av Marit Sofie T. Vikre*

**I år starta me friskt med konfirmantleir 4.-6. januar! Det blei ei flott helg, med ca 80 konfirmantar og nærmare 30 leiarar!**

Mykje engasjement og glede fekk utfalde seg desse dagane. Me hadde bl.a seminarar, gudstenesteverkstad, underhaldningskveldar, kveldsgudsteneste m/bønnevandring og nattverd.

Som avslutning feira me gudsteneste søndag føremiddag saman med foreldra som kom for å hente konfirmantane.

## Årsstatistikk 2012 - Kyrkja i Tysvær

*av Terje Fjeldheim*

| | Nedstrand | | Tysvær | | Førrefjorden | | Totalt | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2011 | 2012 | 2011 | 2012 | 2011 | 2012 | 2011 | 2012 |
| | | | | | | | | |
| Innmeldinger | | | | | | | 0 | 1 |
| Utmeldinger | | | | | | | 11 | 6 |
| | | | | | | | | |
| Døpte | 18 | 25 | 25 | 38 | 68 | 67 | 111 | 130 |
| Konfirmert | 17 | 24 | 42 | 33 | 103 | 74 | 162 | 131 |
| Vielser | 5 | 8 | 16 | 14 | 11 | 14 | 32 | 36 |
| Begravelser | 23 | 28 | 24 | 25 | 20 | 34 | 67 | 87 |
| | | | | | | | | |
| Søndagsgudstjenester: antall | 58 | 61 | 30 | 30 | 61 | 56 | 149 | 147 |
| Antall deltakere | 4 933 | 4 970 | 4 187 | 4 440 | 10 197 | 10 479 | 19 317 | 19 889 |
| Snitt pr gudstj | 85 | 81 | 140 | 148 | 167 | 187 | 130 | 135 |
| | | | | | | | | |
| | | | | | | | | |
| Gudstj med nattverd | 37 | 36 | 13 | 15 | 20 | 25 | 70 | 76 |
| Antall til nattverd | 1 180 | 1 112 | 650 | 811 | 2 024 | 2 233 | 3 854 | 4 156 |
| Snitt pr gudstjeneste | 32 | 31 | 50 | 54 | 101 | 89 | 55 | 55 |
| | | | | | | | | |
| Offer/kollekt | 176 788 | 168 743 | 125 998 | 120 029 | 334 403 | 301 070 | 637 189 | 589 842 |
| Andre innsamlinger | 147 590 | 63 305 | 96 134 | 98 302 | 118 066 | 78 157 | 361 790 | 239 764 |
| Givertjeneste | 1 250 | 18 100 | 49 050 | 59 100 | 184 150 | 203 700 | 234 450 | 280 900 |
| Totalt innsamlet beløp | 325 628 | 250 148 | 271 182 | 277 431 | 636 619 | 582 927 | 1 233 429 | 1 110 506 |

Overståande tabell syner dei områda kor det blir ført statistikk. Det blir mellom anna ikkje ført statistikk over kor mange som deltek ved vigsler og gravferder. Heller ikkje til alle dei andre ulike arrangement som blir halde i kyrkjene. Antal deltakarar som brukar kyrkja er derfor mykje høgare enn desse tala syner.





# Mannsforeningsbasar på Førre Bedehus

*tekst: Solveig Førre og Karen Johanne Vae. foto: Hans Førre*

**Fredag 1. februar var det basar på Førre bedehus. Mannsforeningen i Førre var arrangør og dette var den 7 basaren i rekken. Lenge før kl 19 fyltes bedehuset med både basar-stemte folk og duften av nysteikte lapper. Så fullt ble det på bedehuset at stoler fra kjellerrommene måtte bæres opp. Fra de yngste og til de eldste; - basar er ikkje gått av moten i Førre.**

Omtrent 15 menn i sin beste alder bidro med både sang, loddsalg, pølser og rykende fersk kaffimat. Hartvig Waage ønsket alle velkommen og ledet kvelden på en flott måte. Mannsforeningen hadde flere avdelinger med sang og høstet stor applaus fra de frammøtte. Andakten ble holdt av Dag Vister Hansen. Han ga forsamlingen ord til ettertanke og oppbyggelse.

Loddsalget gikk strykende, men så er det ikke alle basarer som kan skilte med så flotte gevinster. Ikke mindre enn to hovedgevinster + en mengde andre ting, fikk kronene til å sitte løst. Håpet om å bli eier av en flott off-road sykkel, for ikke å si et ekte villsau lam, deltes nok av mange. Noen kom hjem med nye skiftenøkler, andre med en termos og hadde det vært mer snø kunne en av de heldige tatt i bruk en flott kjelke på hjemveien. Både gevinster og vinnere høstet applaus og mye latter.

Alle ungene fikk et gratislodd når de kom – og alle var garantert å vinne. De fikk velge ut gevinst etterhvert som de ble trukket ut. Dette er like vellykket hvert år og alle så ut til å være fornøyd med det de vant.

Gevinstene i bøkene og på de to åretrekningene var flotte og mange, og en stor del av forsamlingen gikk hjem med fine ting som de hadde vunnet. Gladest var nok gutten som vant værlammet som foreløpig lever det gode livet ute i marka.

Hele 46.000, - kr innbrakte basaren. Pengene går i sin helhet til bedehusets faste utgifter. Speiderne er den gruppen som benytter bedehuset mest, og er derfor med å ta ansvar for videre drift gjennom å selge lodd i forkant av basaren. Da delte de også ut invitasjon til basaren, noe som tydeligvis gav resultat.

Basaren er mannsforeningens hovedarrangement. Disse møtes ca 1 gang i måneden året i gjennom. Det går mye tid til forberedelser. Korsangen som er et fast innslag, må finpusses, og gevinstene planlegges nøye ut fra et mannsperspektiv.

For de som ikke vant denne gang, vil det bli nye muligheter til neste år. Mannsforeningen ønsker for øvrig nye medlemmer hjertelig velkommen.



## Barne- og ungdomsbasar

*av Ståle Hustoft*

**22. februar var Soknatun full av born, ungdommar og vaksne. Det var Nedstrand sin tur til å arrangera basar til inntekt for barne- og ungdomsarbeidet i soknet.**

Sakkeus song og viste oss med det noko av det viktige arbeidet som vert gjort i soknet vårt. I kjellaren hadde nokre ungdomar aktivitetar for borna. Dag Tormod Milje fortalde frå turen til Israel og Palestina og Gunvor Hustoft tok oss med på ei naturvandring gjennom bilete og dikt.



# BARNAS SIDE

## Fargelegg

Tegning: Kari Sortland



Fargelegg kvinnene ved den tomme graven!

## Prikk til prikk



Tegn en strek fra 1 til 2 og så videre. Hva skjuler seg her?

## Finn fem feil





De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene på bildet til høyre?

Tegning: Kari Sortland









# Besøkstjeneste

**Trenger du en å snakke med, en å gå tur sammen med, spise et måltid sammen med, en som kan lese for deg eller be sammen med deg?**

Med en besøksvenn kan du dele hverdags- og livsproblemer, gleder og sorger. En besøksvenn kommer på besøk en til to ganger i måneden, vanligvis på hverdager og på ettermiddag/kveldstid. Dere kan selv planlegge hva dere vil bruke tiden til.

Vi tar gjerne imot nye henvendelser fra personer som kan tenke seg en besøksvenn. Dersom vi ikke finner en besøksvenn som passer, vil du få tilbud om besøk fra diakon eller prest.

Ønsker du å få besøk? Eller ønsker du å bli besøksvenn?

Ring diakon Kjersti Hjelmervik Lofthus på kyrkjekontoret, tlf. 52757700 eller send en mail til khlofthus@tysver.kommune.no

# Kirkeskyss

**Diakoniutvalget i Førresfjorden menighet ønsker å tilby skyss til gudstjenester i Førre og Aksdal kirker for de som har problemer med å komme dit selv.**

Ønsker du skyss til gudstjeneste– ta kontakt med kirkekontoret v/diakonen senest fredagen før kl. 12. Ring 52 75 77 00 eller 52 75 77 09.

*Kjersti Hjelmervik Lofthus, diakon*

# Preiketekstane

| | | |
|---|---|---|
| 24. mars | **Palmesøndag** | Joh 12,1-13 |
| 28. mars | **Skjærtorsdag** | Joh 13,1-17 |
| 29. mars | **Langfredag** | Luk 22,39-23, 46 |
| 31. mars | **1.påskedag** | Joh 20,1-10 |
| 7.april | **2.s. i påsketiden** | Joh 20,24-31 |
| 14 april | **3.s. i påsketiden** | Mark 6,30-44 |
| 21 april | **4.s. i påsketiden** | Joh 14,1-11 |
| 28 april | **5.s. i påsketiden** | Joh 17,6-11 |
| 5 mai | **6.s. i påsketiden** | Matt 6,7-13 |
| 9 mai | **Kristi himmelfartsdag** | Joh 17,1-5 |
| 12 mai | **Søndag før pinse** | Joh 16,12-15 |
| 17 mai | **Grunnlovsdagen** | Luk 17,11-19 |
| 19 mai | **Pinsedag** | Joh 14,23-29 |
| 26 mai | **Treenighetssøndag** | Luk 24,45-48 |
| 2 juni | **2.s. i treenighetstiden** | Joh 3,1-13 |
| 9 juni | **3.s. i treenighetstiden** | Mark 10,13-16 |
| 16 juni | **4.s. i treenighetstiden** | Matt 9,35-38 |
| 23 juni | **5.s. i treenighetstiden** | Matt 18,12-18 |
| 30 juni | **6.s. i treenighetstiden, Aposteldagen** | Mark 3,13-19 |
| 7 juli | **7.s. i treenighetstiden** | Mark 5,25-34 |

# Basar på Soknatun

**Nedstrand barneforening har basar på Soknatun 26.mars kl 18.00.**

Andakt av Gjermund Lygre.
Barnekoret Sakkeus blir med.
Enkel bevertning.

**Alle velkomne.**

# Påskemøter

**på Skjoldastraumen bedehus.**
**1. og 2. påskedag kl. 19.00**

med Nils Dybdahl Holte (NLM)

# Misjonsstevne

**Felles Misjonsstevne for Aksdal, Bokn, Førre og Tysvær NMS foreiningar.**

**På Tysvær Soknehus, onsdag 8.mai kl. 19.00**

Tale av prost Norodd Stavenjord.
Misjonsglimt. Baraprosjektet .
Sang av Siv og Børt Erik Ullvang.
Misjonsgave.
God matøkt.

**Velkommen frå bygd og by.**

## Møter i Aksdal kyrkje

***tirsdagar kl 19.30***

| | |
|---|---|
| 12.mars | **Misjonsselskapet** |
| 19.mars | **Israelsmisjonen** |
| 26.mars | **Ikke møte** |
| 2.april | **Ikke møte** |
| 9.april | **Normisjonen** |
| 16.april | **Misjonssambandet** |
| 23.april | **Den indre sjømannsmisjonen** |
| 30.april | **Misjonsselskapet** |
| 7.mai | **Sjømannsmisjonen -Norsk kirke i utlandet** |
| 14.mai | **Misjonssambandet** |
| 21.mai | Ikke møte |
| 28.mai | **Normisjonen** |
| 4.juni | **Misjonssambandet** |

**Neste nummer kjem i postkassen ca. 21. juni**

**Frist for stoff til nr 2/2013: 31. mai**

*Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l. til redaktør Ståle Hustoft, Espevik, 5560 Nedstrand. e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142*



# Gjennom livet

## Døypte

### Aksdal kyrkje
11.11 Frida Gaard Søvik

2.12 Olav Nygaard
Lars Aksdal
Eirik Andreas Røksund

20.1 Tarjei Hatteland Hundhammer
Ella Sandvik Eide
Thea Rinden
Johannes Røthe
Martine Nordal Hetland
Edwin Torgersen

### Førre Kirke
6.12 Ella Gregersen
Ingrid Djuv-Garpestad
Markus Hauge
Vilde Skjold Helle

10.2 Johan Sønderland
Malin Heskja
Kasper Bruland
Even Strømøy
Sander Hinderlid Høyvik – Vår Frelser Kirke

3.3 Isak Holdberg

### Nedstrand kyrkje
25.11 Eirik Alstveit
Julia Victoria Wennes Askvig
Sakarias Helleren Ertenstein
Mariell Espevold

13.1 Eira Ananda Espenes
Gustav Matias Landro

27.1 Mari Bakke-Espevik

### Skjoldastraumen kyrkje
18.11 Tilde Nordbø
Ronja Nordbø

16.12 Matheus Aarekol
Marvin Nordbø Pedersen
Elena Saltvig

20.1 Sveinung Dommersnes

### Tysvær kyrkje
18.11 Helene Hamn Nesheim
Ola Bjelland
Christian Svellingen Skogøy
Oda Kristine Leipart Håstø

3.3 Jakob Høyvik Jørgensen

### Bokn kyrkje
13.1 Jonah Sæbø

## Vigde

### Aksdal kyrkje
12.12 Linda Aakre og Frank Våge

### Førre Kirke
10.11 Åse Beate Tjøsvoll og Odd Steven Grinhaug
1.12 Reidun Stakkestad og Svein Ove Svendsbø
16.2 Kathrine Smedvik Paulsen og Trond Torgersen

### Skjoldastraumen kyrkje
22.9 Eldbjørg Drivdal Berentsen og Fred Ove Ellefsen
20.10 Jorunn Steensnæs og Runar Norvik

### Tysvær Kyrkje
29.9 Gerd Sørensen Solberg og Frode Lundervold
20.10 Agnes Rokstad og Thomas Hettervik Johannessen

## Jordfesta

### Førre kirke
5.12 Ingrid Grinde
7.12 Torbjørg Birgitte Utvik
21.12 Tor Eivind Knutsen
15.1 Erik Inge Torvestad
1.2 Martinius Lauvrak
5.2 Martin Helgeland
8.2 Arthur Miljeteig
19.2 Knut Kallevik

### Tysvær kyrkje
15.11 Halldis Førland
20.11 Trygve Jøsang
2.1 Jan Ove Bådsvik

### Nedstrand kyrkje
23.11 Olaug Hebnes
12.12 Kjellaug Kalsheim
21.2 Inga Kvam

### Skjoldastraumen kyrkje
16.11 Olga Marie Erland
22.2 Magne Nordgård

# Velkommen til kyrkje

## Aksdal kyrkje

**28.mars kl. 19.00 Skjærtorsdag**.
Gudstjeneste ved vikar.

**29.mars kl. 11.00 Langfredag**.
Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol.

**31.mars kl. 11.00 1. påskedag.**
Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol.

**31.mars kl. 19.00 1. påskedag.**
G_19 gudstjeneste ved Dag Tormod Milje.

**14.april kl. 11.00**
Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol. Bibel, 10 år. Gla`sang deltar.

**21.april kl. 11.00**
Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol. Speiderne deltar.

**24.april kl.11.00**
Ung messe ved Bård Egil Dyrhol og Ragnhild Mæland. One Way deltar.

**28.april kl. 11.00**
Gudstjeneste ved Gjermund Lygre

**4.mai kl. 10.30 og kl. 12.15**
Konfirmasjonsgudstjenester ved Bård Egil Dyrhol.

**5. mai kl. 10.30 og kl. 12.15**
Konfirmasjonsgudstjenester ved Bård Egil Dyrhol.

**9.mai kl. 11.00 Kristi himmelfart.**
Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol.

**12.mai kl. 11.00**
Gudstjeneste ved vikar.

**17.mai kl. 9.30**
Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol.

**19.mai kl. 11.00**
Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol.

**26.mai kl. 11.00**
Forbønnsgudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol. One Way deltar.

**9.juni kl. 11.00**
Gudstjeneste ved vikar.

**16.juni kl. 11.00**
Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol.

**23.juni kl. 11.00**
Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol.

**7.juli kl. 11.00**
Gudstjeneste ved Dag Tormod Milje.

## Førre kirke

**24.mars kl. 13.00 Palmesøndag.**
Gudstjeneste ved Arne Aurdal.

**7.april kl. 11.00**
Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol.

**17.mai kl. 11.00**
Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol.

**2.juni. kl. 11.00**
Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol.

## Tysvær kyrkje

**28.mars kl. 11.00 Skjærtorsdag.**
Gudstjeneste ved Arne Aurdal.

**31.mars kl.11.00 1. påskedag**.
Gudstjeneste ved Arne Aurdal.

**14.april kl.11.00**
Gudstjeneste ved Arne Aurdal.

**24.april kl.11.00**
Gudstjeneste ved Arne Aurdal og Marit Sofie T. Vikre. Overhøring.

**4.mai kl. 12.00**
Konfirmasjonsgudstjeneste ved Arne Aurdal og Marit Sofie T. Vikre.

**5.mai kl.10.00 og kl.12.00**
Konfirmasjonsgudstjenester ved Arne Aurdal og Marit Sofie T. Vikre.

**17.mai kl. 11.45**
Gudstjeneste ved Arne Aurdal.

**19.mai kl. 11.00**
Gudstjeneste ved Arne Aurdal. Kirkekaffe i prestegardsen.

**9.juni kl. 11.00**
Gudstjeneste ved Arne Aurdal.

**23.juni kl.13.30**
Gudstjeneste ved Arne Aurdal.

## Bokn kyrkje

**24.mars kl. 11.00**
Gudstjeneste ved Arne Aurdal. Dåpskoleavslutning.

**29.mars kl. 11.00 Langfredag.**
Gudstjeneste ved Arne Aurdal.

**31.mars kl. 15.00 1.påskedag.**
Gudstjeneste ved Arne Aurdal.

**21.april kl. 18.00**
Gudstjeneste ved Arne Aurdal. Overhøring.

**28.april kl. 11.00**
Konfirmasjonsgudstjeneste ved Arne Aurdal.

**17.mai kl. 10.30**
Gudstjeneste ved Arne Aurdal.

**26.mai kl. 11.00**
Gudstjeneste ved Arne Aurdal.

**16.juni kl. 11.00**
Gudstjeneste ved Arne Aurdal.

**7.juli kl. 13.00**
Gudstjeneste ved Dag Tormod Milje.

## Nedstrand kyrkje

**28.mars kl. 19.00 Skjærtorsdag.**
Gudstjeneste ved Dag Tormod Milje.

**31.mars kl. 11.00 1.påskedag.**
Gudstjeneste ved Dag Tormod Milje.

**21.april kl. 11.00**
Gudstjeneste ved Dag Tormod Milje. Ung messe.

**5.mai kl. 11.00**
Konfirmasjonsgudstjeneste ved Dag Tormod Milje.

**17.mai kl. 11.30**
Gudstjeneste ved Dag Tormod Milje.

**19.mai kl. 13.00**
Gudstjeneste ved Dag Tormod Milje.

**2.juni kl. 11.00**
Gudstjeneste ved vikar.

**16.juni kl. 11.00**
Friluftsgudstjeneste på Leirung ved Dag Tormod Milje.

**30.juni kl. 13.00**
Gudstjeneste ved Dag Tormod Milje.

## Skjoldastraumen kyrkje

**29.mars kl. 11.00 Langfredag.**
Gudstjeneste ved Dag Tormod Milje.

**31.mars kl. 13.00 1.påskedag.**
Gudstjeneste ved Dag Tormod Milje.

**14.april kl. 11.00**
Gudstjeneste ved Dag Tormod Milje. Ung messe.

**28.april kl.11.00 og kl. 13.00**
Konfirmasjonsgudstjenester ved Dag Tormod Milje.

**17.mai kl. 9.30**
Gudstjeneste ved Dag Tormod Milje.

**19.mai kl. 11.00**
Gudstjeneste ved Dag Tormod Milje. Dåpsskoleavsluttning.

**9.juni kl. 11.00**
Gudstjeneste ved vikar.

**23.juni kl. 11.00**
Gudstjeneste ved Arne Aurdal.